



MAFOSS og SANDS inviterer til frukostmøte i MAFOSS den 3. oktober 2019

## «Endringer i arbeidsforhold og nyhende i arbeidsretten»

### *Kvar går grensene for arbeidsgivar sin styringsrett?*

Saman med vår samarbeidspartnar SANDS inviterer vi deg som jobbar med personalrelaterte saker til frukostmøte på Quality Hotel Ulstein den 3. oktober.

Arbeidsrettsteamet hos SANDS får ofte spørsmål frå kundar om kva for endringar ein arbeidsgivar kan pålegge einsidig ovanfor arbeidstakarar i verksemda. Behovet for endring oppstår gjerne som følge av endra arbeidsmetodikk, ved endring i ordreinngang, når samarbeidet blir problematisk, eller der arbeidstakar ikkje lenger fungerer i stillinga.

På dette frukostmøtet vil du få verdifull innsikt i grensene for arbeidsgivar sin styringsrett. Du vil mellom anna få kunnskap om kva for endringar du kan gjere i arbeidstakar si stilling og arbeidsoppgåver, og i kva grad du kan endre arbeidstakar si arbeidstid.

Arbeidsrettsteamet til SANDS vil også gi nyttige tips om kva du kan gjere om ei endring ikkje kan bli gjennomført med bruk av styringsretten; kva inneber ei endringsoppseiing og korleis bør ein gå fram? SANDS vil også gi deg oppdatering på relevante endringar i arbeidsretten som ein arbeidsgivar bør kjenne til.

Møtet startar med frukost kl 07.45 til 08.30. Oppstart fagleg del kl 08.30.

Frukostmøtet er gratis for medlemmer i MAFOSS ved påmelding til [post@mafoss.no](mailto:post@mafoss.no) innan mandag 30. september. Ikkje medlem: 500,-

Ta gjerne kontakt med dagleg leiar Jan Thormodsæter på 924 67 700 om du har spørsmål om arrangementet.

#### *SANDS' arbeidsrettsteam i Ålesund:*



Monica Gjerde Sperre  
Partner | advokat  
[mgs@sands.no](mailto:mgs@sands.no)  
971 83 266



Maria Elena Kvalen  
Senioradvokat  
[mek@sands.no](mailto:mek@sands.no)  
480 16 630



Sara Storøy  
Advokat  
[sst@sands.no](mailto:sst@sands.no)  
469 48 882



Malin Stenseth  
Advokatfullmektig  
[mst@sands.no](mailto:mst@sands.no)  
452 07 688